

Gygre stolen



Gygre stolen med den store ura under og dei to imponerende steinblokkane over, er ein spesiell og særprega fjellformasjon. Det er lange, bratte bakkar både opp til stolen på austsida og ned på vestsida.

Turen opp til stolen

Oppstiginga til Gygre stolen er klassifisert til å vere middels krevjande. Det er 360 høgdemeter frå parkeringsplassen opp til stolen. Rundturen er på 5.7 km og tar nesten tre timar.

Stien går først forbi tuftene etter den gamle husmannsplassen Kleiva og følgjer deretter ein gammal og fint oppmura hesteveg og bratte svaberg opp mot Svarttjønn. På vestsida av Svarttjønn ligg Svarttjønnhola, ei underleg hole i to etasjar med fin utsikt mot tjønna. Etter den siste kneiken er vi oppe på Gygre stol fjellet.

Er veret fint kan vi legge inn ein liten avstikkar til Venetjønn og ta oss ein avkjølande dukkert.

Ute på stupet mot stolen møter vi eit storslått utsyn mot Uvdal og Uvdalstjønn. Heiegarden Jønneberg ser du på åsen på andre sida av Uvdalstjønn.

Tilbaketuren legg vi mot vest ved postkassa til Bø Turlag. Nede i bakkane kan du gjerne ta ein avstikkar opp til Maurknatten. Herifrå får du den beste utsikta mot ura og dei bratte fjellveggane under Gygre stolen.

Segna om Gygre stolen

Fjellformasjonen har gjennom tidene set folkefantasia i sving. Det var her Gygra sat, da ho i sinne over at kristendommen kom til Bø kasta fleire kampesteinar etter Gårakyrkja. Ho trefte ikkje og gav seg etter ei stund, men steinane som ho kasta, kan ein sjå den dag i dag.

Segna seier og at ein dag skal stolen rase ut i Uvdalstjønn, og vatnet stige til trammen på Uvdal gard – og då er det slutt på verda.



Venetjønn mot Lifjell (Foto Arne Hjeltnes)



Gygre stolen sett nede frå ura. (Foto Arne Hjeltnes)

Geologi

Fjellgrunnen er gneisgranitt med tydeleg oppsprekking på tvers av fjellryggen. Dette ser vi tydeleg når vi nærmar oss kanten av stupet. Oppsprekkinga og danning av ura under stolen er truleg eit resultat av frostsprenging og forvitring av berget ved slutten av siste istid.

I dag er Gygre stolen eit populært område for fjellklatring.

Vegetasjon og naturreservat

På Gygre stol fjellet står open, skrin og lyngrik furuskog. Liene nedanfor har ein artsrik flora av næringskrevjande, varmekjære arter og innslag av edellauvskog med lind. Vegetasjonen i ytterkant av ura har urskogpreg.

Den øvre del av turstien ligg innanfor Gygre stolen naturreservat. Formålet med vernet er å ta vare på større samanhengande areal med gamal gran- og blandingskog. Ta omsyn til vegetasjon og dyreliv!